

1 **Sak 4: Fylkestingsprogram.**

2
3
4
5

6 **PROGRAM FOR FYLKESTINGSVALET 2007**

7
8
9 (utkast)

10
11
12

13 **VENSTRE SIN STÅSTAD – MENNESKET I SENTRUM.**

14

15 Respekten for enkeltmennesket og ansvar for fellesskapet er Venstre sin grunntanke. Venstre
16 sin ideologi er sosial-liberalismen, og politikken bygger på kristne, humanistiske og liberale
17 verdier. Omgrepa borgarrett og samfunnsansvar uttrykker kjernen i dette verdigrunlaget.

18

19 Å være sosialliberal inneber ei sterk tru på menneske si skaparevne, kreativitet og
20 ansvarskjensle. Difor set Venstre alltid det enkelte menneske i sentrum, ikkje grupper eller
21 klassar. Alle menneske er likeverdige, men ingen er like. Auka fridom gir nye mulegheter for
22 menneskelig vekst.

23

24 Venstre sitt fellesskapsperspektiv går på tvers av generasjonane. Venstre vil føre ein ansvarlig
25 økonomisk politikk som ikkje slår beina under velferdsstaten i framtida. Samtidig har vi eit
26 forvaltaransvar som skal sikre generasjonar etter oss lik tilgang på naturopplevingar og ein
27 kvardag utan forureinsing.

28

29 Venstre meiner det lokale politiske sjølvstyret skal vera kjernen i det norske demokratiet. Dei
30 lokalt valde politikkarane skal ha ansvar for lokal styring, og skal samstundes ha ein
31 ombodsrolle for veljarane.

1 **FYLKESKOMMUNEN.**

2
3 Venstre vil ha tre forvaltningsnivå der fylkeskommunen har ansvar for dei regionale
4 oppgåvene som ikkje bør ligga til staten. Vi ønskjer å desentralisere mest mulig statlege
5 oppgåver til fylkeskommunane for å styrke folkestyret, og fylkeskommunane sine evner til å
6 løyse oppgåvene på ein god måte. Pengane må følgje med desentraliseringa av oppgåver.

7
8 Venstre vil at fylkeskommunane igjen skal styre sjukehusa og andre spesialisthelsetenester ut
9 frå prinsippa om nærleik og lokal folkevald styring. Det er også naturleg å overføre oppgåver
10 innan landbruk, miljø, samferdsle, kultur, utdanning og gje fylkeskommunane tilbake styringa
11 over Innovasjon Noreg.

12
13 Venstre vil føra vidare og styrke samarbeidet mellom Vestlandfylka på område som
14 kommunikasjon, kultur, utdanning og næringsliv.

15
16 Lokal rett til skattlegging er eit viktig element i eit lokalt folkestyre. Venstre ønskjer difor at
17 fylkeskommunane skal ha høve til å kunne fastsetje lokalt skattøre innafor eit intervall på eitt
18 prosentpoeng.

19
20 Forvaltning av fylkeskommunen sine verdiar er viktig. For Venstre inneber dette også at
21 plasseringa av kontantar blir gjort ut frå eit langsiktig perspektiv med tanke på høgast mulig
22 avkastning.

23
24 Venstre vil at fylkeskommunen skal ivareta ombudsrolla for borgarane på område som er
25 viktige for desse, men der ansvaret ligg til staten. Likeeins må fylkeskommunen vere ein
26 medspelar overfor kommunane i arbeidet med lokalisering av statlege oppgåver som skal
27 flyttast ut frå Oslo eller etablerast. For Venstre vil det vere eit mål at fylkeskommunen bidreg
28 til at slike oppgåver blir plassert der kompetansen allereie er, eller til våre regionale sentra om
29 det ikkje allereie er etablert slik kompetanse i fylket frå før. Å flytte på kompetansemiljø i
30 fylket er ikkje eit mål eller verkemiddel for Venstre.

31
32 Venstre vil at fylkeskommunen skal ivareta arbeidsgjeverrolla si på ein slik måte at det
33 fremmar rekruttering og stabilisering, bidreg til likeverd og likestilling og til at eldre
34 arbeidstakarar i større grad vel å stå i arbeidet til ordinær pensjonsalder.

1 MILJØ – ENERGI

2
3 Venstre byggjer politikken sin på eit økologisk heilskapssyn på natur, menneske og samfunn.
4 Dei økologiske omsyna må vere overordna kortsiktige økonomiske interesser. Bruken av
5 ikkje fornybare naturressursar må reduserast for å få til ei berekraftig utvikling. Dette vil og
6 vere med å minske ureining av naturen.

7
8 Venstre sin politikk er tufta på forvaltartanken. Naturen må ikkje utnyttast ut over tolegrensa.
9 Fornuftig forvaltning er ein føresetnad for å sikre valfridom for komande generasjonar. Kvar
10 og ein har eit ansvar for å få slutt på ureining.

11
12 For Venstre vil natur- og miljøvern vere ein integrert del av samfunnsplanlegging og -
13 utvikling. Fylkeskommunen må ha ambisjon om å vere ein pådrivar i miljøspørsmål. Plan- og
14 bygningslova må nyttast for å sikre folkevald styring med planarbeidet. Miljøproblem har ofte
15 konsekvensar ut over kommunegrenser og fylkesgrenser. Sogn og Fjordane har naturområde
16 som er viktige både lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Difor er det viktig at fylkeskommunen
17 involverar seg i arbeidet for å sikre den mot forureining. Samarbeid med organisasjonar og
18 andre som handterer miljøspørsmål vert difor viktig for å sikre naturen mot forureining og
19 uvitug bruk.

20
21 Venstre vil arbeide for at dei som vert berørte når område vert verna, får erstatning for
22 framtidig tap. Naturen vår er verdifull og når enkeltmenneske må avstå naturområde til felles
23 beste, må fellesskapet vere viljuge til å betale for den ulempa eigarane får.

24
25 Sogn og Fjordane er storprodusent og storeksportør av vasskraft. Overføringslinjene er store
26 inngrep i både i urørd natur og i bustadområde. For Venstre er det naturleg at kostnaden med
27 bruk av urørd natur vert lagt inn i reknestykket når nye kraftliner vert planlagde. Venstre seier
28 eit klart nei til Statkraft sine planar om å bygga overføringslina Fardal - Ørskog som
29 luftspenn.

30
31 Det bør utarbeidast ein plan for bygging av gassferjer på fleire samband enn det som er
32 planlagt i dag.

33
34 Venstre vil arbeide for at Førdefjorden skal verte referansefjord for forskning på korleis
35 næringsverksemd i fjorden påverkar villaksen sine vilkår. Dei resultat ein kjem fram til ved å
36 ha ein referansefjord, vil vere viktig informasjon inn i framtida både nasjonalt og
37 internasjonalt. Venstre meiner vi ikkje kan la denne moglegheita gå frå oss.

38
39 Venstre vil arbeide for at fylkeskommunen tek miljøomsyn både ved innkjøp og ved
40 fylkeskommunale utbyggingar. For å få det til må det takast i bruk eit sertifiseringssystem der
41 omsyn til miljø får føremoner ved anbudsfastsetjing. Dette kan vere ein måte å følgje opp og
42 gjennomføre Lokal Agenda 21.

43
44 Venstre vil arbeide for at SFE i framtida skal ha meir enn 50% av aksjane frå offentlege
45 eigarar i fylket. Fylkeskommunen må utøve aktivt eigarskap og arbeide for å styrkje
46 kompetansmiljøet og sikre arbeidsplassane og verdiane i selskapet. Venstre vil og arbeide for
47 at ENOVA legg regionkontor til Sogn og Fjordane, gjerne i samarbeid med SFE.
48 Venstre vil følgje opp planarbeidet som gjeld utvikling av alternative energikjelder.

1 NÆRINGS- OG SYSSELSETJING.

2
3 Venstre ser det som viktig å føre ein politikk som gjer at folk framleis ønskjer å bu og virke i
4 Sogn og Fjordane. Viktige ressursar innan landbruk, fiskeri, reiseliv, vasskraft, olje og gass
5 ligg i distrikta og i fylket vårt. Desse ressursane er avgjerande for verdiskaping og velferd for
6 heile landet. Sogn og Fjordane bidreg med verdiskaping til det norske samfunnet som tilsvarer
7 fleire gonger folketalet vårt. Eit variert næringsgrunnlag, desentralisert utdanningstilbod,
8 helsetilbod og gode kommunikasjonar er avgjerande for å kunne utnytte desse ressursane på
9 ein økonomisk forsvarleg måte. Fylket har i dag byar og tettstader som i lag med omlandet sitt
10 fungerer som gode arbeids- og buområde.

11
12 Venstre ser det som viktig å fremja tettstadutvikling, ved at tettstadene i fylket får tenester og
13 tilbod ein i dag må ut av fylket for å henta. Venstre vil og kjempe aktivt for lokalisering av
14 nye statlege arbeidsplassar til fylket. Vi vil leggje tilhøva til rette for etablering av ny
15 næringsverksemd gjennom areal- og samferdsletiltak.

16
17 Dei fleste nye arbeidsplassar vil i framtida verte skapte i små- og mellomstore verksemder.
18 Nyetablerarar og småverksemder må få gode nok vilkår til å oppretthalde sysselsetjinga og
19 verdiskapinga. Venstre vil difor arbeide for tilskotsordningar tilpassa slike verksemder sin
20 trong. Venstre trur på det skapande menneske. Jobbskaparar og idemakarar må synast tillit og
21 ikkje hindrast gjennom unødig byråkrati og skjemavelde.

22
23 Fylkeskommunen skal vera pådrivar for regional utvikling. Venstre vil i fylkestinget sjå etter
24 at fylkeskommunen føl opp dette i praksis, både når det gjeld forvaltning av tilskots- og
25 utviklingsmidlar, og korleis fylkeskommunen opptre sjølv som kjøpar av varer og tenester.
26 Anbod og prisførespurnader på fylkeskommunale innkjøp må innrettast slik at verksemder i
27 Sogn og Fjordane har reelt høve til å konkurrere med verksemder utanfrå.

28
29 Ordninga med distriktsaktiv skule må vidareutviklast for å skape ein betre lokal
30 etablerarkultur i Sogn og Fjordane Det må vere eit samarbeid mellom vidaregåande skule og
31 næringsliv når det gjeld praktisk gjennomføring.

32 Venstre vil:

- 34 • leggje til rette for betre samarbeid og kommunikasjon mellom utdannings- og
- 35 forskingsmiljøa og næringslivet.
- 36 • vere ein pådrivar for betre infrastruktur i fylket, mellom anna ved hjelp av regionale
- 37 utviklingsmidlar
- 38 • at fylkeskommunen skal leggje til rette for kjøp av varer og tenester frå verksemder i
- 39 fylket vårt der desse er konkurransedyktige, og legga opp
- 40 • arbeide for at Sogn og Fjordane får ta del i utnytting av fylket sine ressursar gjennom
- 41 industrietablering på Lutelandet.
- 42 • at fylkeskommunen bidreg med midlar til omstillingstiltak i kommunar som får store
- 43 sysselsetjingsutfordringar.
- 44 • arbeide for at alle kommunane i fylket igjen kjem inn under SND-ordninga.

1 **LANDBRUK**

2
3 Venstre si landsdekkjande målsetjing for landbruket slår fast at vi ønskjer å halde oppe eit
4 desentralisert landbruk med variert bruksstruktur og allsidig drift både av beredskapsomsyn
5 og av omsyn til busetnad og levande bygder. Dette krev handlingsrom for ein nasjonal
6 landbrukspolitikk i WTO og andre internasjonale avtaler.

7
8 Landbruk og forvaltning av jord- og andre naturressursar krev langsiktig tenking. Vern om
9 dyrka og dyrkbar jord til komande ætter må difor stå sterkt i utbyggingssaker for t.d.
10 bygningar og vegar.

11
12 Det må leggjast til rette for nye satsingsområde innafor landbruk. Økologisk drift, lokal
13 ferdigvareproduksjon og samdriftsløysingar må stimulerast, ved å letta på byråkratiske
14 restriksjonar og ved tilskotsordningar.

15
16 Landbruket sine kår vert fastlagt av politikken på riksplan og i landbruksorganisasjonane sine
17 forhandlingar med staten. Venstre vil arbeide for å realisere fylkesdelplanen for landbruk.
18 Hovudmålet om livskraftige bygder i heile Sogn og Fjordane krev at vi må satse på ein
19 heilskapleg bygdepolitikk med variert næringsliv og eit godt bumiljø som viktige faktorar.
20 Venstre ser med stor uro på sentraliseringa av nøkkelfunksjonar i høve foredling og
21 produksjon med grunnlag i primærproduksjon i og rundt fylket.

22
23 Sogn og Fjordane har store område med høgproduktiv lauvskog som i dag ikkje vert utnytta.
24 Venstre vil difor leggje til rette for lokale initiativ som vil utnytte denne ressursen i
25 produksjon av bioenergi t.d. som pellet.

26
27 Venstre vil:

- 28 • støtte tiltak som kan motivere unge til å satse på landbruket.
- 29 • halde oppe tilboda om landbruksfagleg utdanning på Mo og i Aurland, og styrke
30 desse skulane som kompetansesenter, ikkje minst for å dreie landbruket i meir
31 økologisk retning.
- 32 • støtte tiltak som gjer at mest mogleg av vidareforedlinga av råvarene skjer som lokal
33 verdiskaping.
- 34 • auke næringsmessig utnytting av skog og utmark, m.a. ved å sjå utmarksnæringane i
35 samheng med andre næringar som t.d. reiselivet.
- 36 • støtte utbygging av eit miljøvenleg og økonomisk forsvarleg vegnett som løysar ut
37 skog- og utmarksressursane.
- 38 • medverke til ein balansert rovdyrpolitikk som framleis gjer det mogleg og lønsamt å
39 nytte dei rike utmarksbeita i fylket.
- 40 • i vernesaker arbeide for vernereglar som kan sameine bruk og vern, og medverke til
41 eit betre samarbeid mellom grunneigar og forvaltning.
- 42 • støtte tiltak for at fylket vårt framleis skal vere verdssenter for avl og bruk av
43 fjordhesten.
- 44 • medverke til at gardstuna vert brukt som gode buplassar for fastbuande, gjerne og for
45 andre enn bønder.

1 **FISKE**

2
3 Fiskerinæringa er fundamentet for busetjinga og sysselsetjinga på kysten. Den havgåande
4 flåten, kystflåten, oppdrettsnæringa og fiskeindustrien er til saman grunnpilarar i
5 kystsamfunna. Venstre vil ha ein fiskareigd flåte som sikrar at fiskeflåten blir spreidd langs
6 kysten. Venstre vil åtvare mot eit kvotesystem som hindrar nyrekruttering til næringa.

7
8 Arbeidsplassar på fiskebåt må likestillast med arbeidsplassar innan sjøfart og arbeidsplassar
9 på land med omsyn til skattlegging, offentleg støtte og finansieringsordninga.

10
11 Utdanning og utvikling av lærlingordninga kan vere med på å sikre rekruttering til
12 fiskerinæringa.

13
14 Venstre vil:

- 15
- 16 • at oppdrettsnæringa både for fiskeartar og sjel må sikrast ein distriktsvenleg profil.
17 det må utviklast kystsoneplanar som gjev næringa høve til utvikling.
 - 18 • at ordning med rekrutteringskonsesjonar må utprøvast.
 - 19 • at inngrep i næringa må ta omsyn til næringa sine behov for langsiktig planlegging.
 - 20 • at det vert sikra gode opplæringstilbod i aquakultur og fiskerifag i Måløy
21 vidaregåande skule og at det vert satsa vidare på maritim fagskule.
 - ikkje ha fri omsetjing av fiskekvotar.

1 SAMFERDSLE

2
3 Venstre vil knyte fylket betre saman gjennom utbygging av stamveg- og riksvegnettet. Det må
4 satsast meir på rassikring, og Venstre vil arbeide for å få auka dei statlege løyvingane til
5 fylket til vegvedlikehald, rassikring og vegbygging. Venstre vil i fylkestinget setje av midlar
6 *til* gjennomføring av investeringstiltaka i Fylkesvegplanen. Transportlinene både på sjø og
7 land må vere raske og effektive slik at næringslivet sine transportbehov vert dekkja, og folk si
8 daglege pendling til og frå arbeid fungerer. I tida framover vil det vere svært viktig å ha sterk
9 fylkeskommunalt fokus på å oppretthalde og utvikle både flyplassar og flytilbod i fylket. Den
10 lokale ruteferdsla skal gje innbyggjarane tilbod om rutesamband til eige kommunesenter og
11 regionale senter i fylket. Likeeins er dei regionale bussrutene og ekspressbussane viktige
12 lekkar i samferdsla i fylket.

13 14 Venstre vil:

- 15 • arbeide for å auke statlege midlar til utbetring av riksvegar og sikring av rasfarlege
- 16 parti.
- 17 • oppretthalde eit godt kollektivtilbod i alle deler av fylket
- 18 • at Stad-tunnelen blir bygd snarast finansiert med statlege midlar
- 19 • arbeide for å auke løyving i den nasjonale transportplanen slik at vi får ”gul
- 20 midtstripe” på riksveg E39 gjennom fylket i løpet av få år.
- 21 • arbeide for at det blir løyvd midlar ved rullering av Nasjonal transportplan til strossing
- 22 av tunnelane og rassikring på Rv15 Strynefjellet
- 23 • auka innsatsen på trafikktryggleikstiltak monaleg og prioritere meir midlar til gang-
- 24 og sykkelvegar.
- 25 • ha halvtimesavgangar på ferja Lote-Anda.
- 26 • utvikle dei 4 flyplassane i fylket ved å betre innflygingstilhøva og regulariteten
- 27 • arbeida for betre samband mellom ekspressbussar og tog på Gol og Otta.
- 28 • behalda rutesambandet mot jernbana i Flåm
- 29 • at fylket framleis bidreg økonomisk til godsruiter i dei mest avsidesliggande delane av
- 30 fylket
- 31 • at kombinerte system med drosje og buss vert nytta for persontransport i område med
- 32 svakt trafikkgrunnlag. – at fylkeskommunen bidreg til at kvar kommune i fylket har
- 33 nok drosjeløyve til å dekkje trongen for både privat kollektivtransport og
- 34 sjuketransport
- 35 • oppretthalde ordninga med ungdomskort for kollektivreiser.
- 36 • ha ein meir fleksibel skuleskyss for elevar i vidaregåande skule.
- 37 • vidareutvikle ordninga med tilrettelagde transporttilbod og ”Trygt heim for ein 50-
- 38 lapp”
- 39 • betre transporttilbodet for funksjonshemma.

1 UTDANNING

2
3 Venstre har som mål å gje den enkelte ungdom og vaksne ei best mogeleg opplæring etter
4 interesser, evner og anlegg. Venstre ynskjer eit sterkt offentleg skuleverk med private skular
5 og folkehøgskular som verdfulle supplement. Det er eit mål for Venstre at alle skal få eit
6 studietilbod slik at dei kan bu heime lengst råd.

7
8 Det er viktig å halda oppe eit desentralisert og heilskapleg skuletilbod i fylket. For å greie å gi
9 den enkelte eit best mogleg og likeverdig fagtilbod er det naudsynt å sjå alle skulane i ein
10 region i samanheng. Dette inneber eit forpliktande samarbeid skulane i mellom. Kvar skule
11 må få vidareutvikle eigen identitet og dei fagområda dei er sterke. Dette er viktig også for å få
12 sterke fagmiljø og utnytte dei økonomiske ressursane betre.

13
14 Venstre ønskjer at pedagogikken i større grad skal tilpassast den enkelte elev sine interesser.
15 Eleven måta ansvar for eiga læring. Skulane må bli stimulert til å drive utviklingsarbeid. Det
16 må innførast eit system for skulevurdering. Skulane må få større fridom innafor gitte rammer
17 til å utvikle seg.

18
19 For Venstre er det sjølvsagt at skulen er til for den enkelte elev og hans ønskje for framtidig
20 utdanning og yrke. Ein må også ta omsyn til den kompetansen og fagutdanninga som
21 arbeidslivet vårt krev.

22
23 Fylket har eit skrikande behov for investeringar til rehabilitering og nye skulebygg. Venstre
24 vil prioritere rehabilitering så lenge dei økonomiske rammene er tronge.

25
26 Venstre vil:

- 27
- 28 • at elevane i den vidaregåande skulen skal ha fridom i val av skule.
 - 29 • Den desentraliserte skulemodellen vi har i Sogn og Fjordane er god, det er derfor
 - 30 viktig å halde på den. Den sikrar at dei unge kan bu heime lengst mogeleg samstundes
 - 31 som dei har eit godt og breitt tilbod innafor rimeleg reiseavstand.
 - 32 • Det bør vere likeverdige skuletilbod i dei tre regionane samstundes som vi må
 - 33 behalde dei fylkesdekkjande linene. Desse har over mange år opparbeidd verdifull
 - 34 kompetanse og erfaring .
 - 35 • Venstre vil jobbe for gode økonomiske støtteordningar slik at ingen treng opp lån for å
 - 36 fullføre vidaregåande skule
 - 37 • Venstre vil jobbe for gode økonomiske støtte ordningar slik at alle elevar blir i stand
 - 38 til å skaffe seg eigen berbar p.c. til bruk i skulen
 - 39 • Venstre vil jobbe for at skulbøker skal vere gratis
 - 40 • Venstre vil jobbe for at eksamen kan gjennomførast elektronisk
 - 41 • Alle skular skal bli røykfri og fri for brusautomatar
 - 42 • Gjennomsnittsalderen på lærarar iden vidaregåande skulen er høg. Det er derfor svært
 - 43 viktig å aktivt jobbe for å rekruttere nye lærarar
 - 44 • Styrke undervisninga t.d. realfaga
 - 45 • Styrke lærarane sitt høve til fagleg oppgradering og kompetanseheving
 - 46 • Styrke elevdemokratiet med mellom anna å syte for eigne midlar som kan disponerast
 - 47 av elevråda på skulane

1 **SOSIAL OG HELSEPOLITIKK**

2
3 Velferdsstaten kan aldri erstatta det personlege ansvaret me som einskildmenneske har for oss
4 sjølve og medmenneska våre. Borgarane skal kunne kjenne seg trygge på at dei får hjelp når
5 dei treng det. Tilbod til eldre og kronisk sjuke og psykiatriske tenester skal gjevast nærast
6 mogeleg borgarane.

7
8 Fylkeskommunane må igjen få ansvaret for spesialisthelsetenesta. Lokalsjukehusa må ha
9 akuttfunksjonar innan føde, medisin og kirurgi og/eller ortopedi i tillegg til naudsynte
10 vaktordningar innan støttefunksjonar som anestesi, røntgen og laboratoriet. Ambulansetenesta
11 må støtte kravet til tryggleik.

12
13 For å betre helseføretaket sin økonomi må arbeidet med å få ned sjukefråveret, rekruttering av
14 legespesialistar, reduksjon av gjestepasientutgifter, auka inntening og reduksjon av
15 unødvendige administrative stillingar få særskilt merksemd. Vi ønskjer at helseføretaket skal
16 nytte offentlege sjukehus framfor private klinikkar når det er ledig kapasitet hjå det
17 offentlege. Venstre vil også ha auka statleg finansiering av sjukehusa, med særskilt vekt på
18 dei utfordringar vår spreidde busetnad og topografi gjev.

19
20 Venstre går inn for at Sogn og Fjordane får tildelt regionale helseoppgåver.

21
22 Venstre vil:

- 23 • ha livskraftige nærsjukehus tenester i Florø, velfungerande lokalsjukehus på Eid og i
- 24 Lærdal, og sentralsjukehusfunksjonar i Førde
- 25 • styrke tilboda innan psykiatri, geriatri, rusomsorg, rehabilitering og for kronisk sjuke
- 26 • støtte opp om rekrutteringstiltak innan tannhelsetenesta og medverke til opptrapping
- 27 av utstyrsutskiftinga
- 28 • yte tilskot til krisetelefon og krisesenter
- 29 • styrke det folkehelsefremjande arbeidet
- 30 • utvikle samspelet mellom dei frivillige organisasjonane og dei offentlege aktørane i
- 31 helsevesenet
- 32 • stø opp om utviklinga av Hauglandssenteret

1 **KULTUR**

2

3 For Venstre er kulturpolitikken limet som utviklar og bind menneska og lokalsamfunna
4 saman. Dei frivillige laga og organisasjonane er ei berande kraft i utviklinga av dette
5 fellesskapet.

6

7 Venstre vil stimulere og styrke ulike kulturformer som næringsveg, og som støtte til andre
8 politiske målsetjingar.

9

10 Venstre vil:

- 11 • følgje opp fylkeskommunen sine forpliktingar når det gjeld Opera Nordfjord,
12 Kunstmuseet, Norsk Reiselivsmuseum, Bergkunstsenteret, Besøksenteret for
13 Astruptunet og Gjesmegalleriet
- 14 • auke driftstilskota til musea og følgje opp museumsplanen
- 15 • oppretthalde tilbodet til bokbussen og bokbåten
- 16 • auke løyvingane til ulike kulturformål slik at dei mange lag og organisasjonar minst
17 får løyvingar på dagens nivå
- 18 • prioritere barn og unge ved tildeling av midlar
- 19 • prioritere tilskot til aktivitet framfor tilskot til drift
- 20 • stø opp om Fylkesarkivet sine satsingar innafor informasjonsteknologi
- 21 • stø opp om Sogn og Fjordane Teater si verksemd
- 22 • satse på distriktsmusikarordninga
- 23 • utvikle det gode samspelet mellom amatørkreftene og dei profesjonelle aktørane